



KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD  
SYKKYLVEN KOMMUNE



DAG HOLTAN  
2003

# FØREORD

Det er ei politisk målsetting at alle kommunane i landet skal gjennomføre kartlegging og verdisetting av viktige områder for biologisk mangfold på sine areal (St.meld. 58, 1996-97).

Kartlegging vil vere eit viktig innspel til den lokale arealforvaltinga, og skal vere med å sikre at framtidige vedtak ikkje vert gjort på bekostning av viktige naturverdiar i kommunen. Denne kartlegginga er første trinnet i registrering av biologisk mangfald i kommunen.

Kartlegginga er utført av Dag Holtan. Arbeidet er gjennomført med økonomisk bistand frå Møre og Romsdal fylke, miljøvernavdelinga.

Sykkylven, mars 2004

Njell Hoftun  
miljøvernkonsulent

# INNHALD

<b>FØREORD</b> .....	<b>1</b>
<b>INNHALD</b> .....	<b>1</b>
<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>5</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>8</b>
BAKGRUNN .....	8
FØREMÅL .....	8
NOKRE OMGREP .....	8
<b>METODAR OG MATERIALE</b> .....	<b>10</b>
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	10
VERDISSETTING OG PRIORITERING .....	12
PRESENTASJON .....	14
<b>NATURGRUNNLAG OG NATURTYPAR</b> .....	<b>15</b>
HISTORIKK OMKRING UTFORSKINGA AV SYKKYLVSNATUREN .....	15
LANDSKAP M.M. ....	15
KLIMA .....	16
GEOLOGI .....	16
LAUSMASSAR .....	16
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK Plassering .....	16
<b>RAUDLISTEARTAR</b> .....	<b>18</b>
GENERELT .....	18
SOPP .....	23
LAV .....	23
PLANTAR .....	23
FUGL .....	23
PATTEDYR .....	23
<b>LOKALITETAR</b> .....	<b>24</b>
OVERSYN .....	24
ANDESTAD: BYRKJENESLIA (SKOG) .....	24
ANDESTAD: FAUSKESÆTRA OG VASSETSÆTRA (NATURBEITEMARK) .....	25
AURDALEN: AURDALSSÆTRA, ØVSTE STØLEN (NATURBEITEMARK) .....	25
AURDALEN: GREPSTADSTØLEN (NATURBEITEMARK) .....	26
AURDALEN: HEIANE (MYR) .....	26
AURDALEN: RØMERHORNSHEIANE (MYR) .....	27
AURDALEN: VESTRE MELSETDALEN (MYR) .....	27
AURE: AUREELVA (FERSKVATN/VÅTMARK) .....	28
FASTEINDALEN: BLÅDALEN (FJELL) .....	28
FASTEINDALEN: FORSEGGENE (FJELL) .....	29
FASTEINDALEN: ÅRSETSÆTRA (NATURBEITEMARK) .....	29
HUNDEIDVIK: GJEVENES (NATURBEITEMARK) .....	30
HUNDEIDVIK: GJEVENESSTRANDA (RIK EDELLAUVSKOG) .....	31
HUNDEIDVIK: STOREIDE (MYR) .....	31
HUNDEIDVIK: TUVATNET (FERSKVATN) .....	32
HUNDEIDVIK: VÅTMYRSHOLMEN (VILTLOKALITET) .....	32
IKORNES: IKORNESFJELLET (KYSTFURUSKOG) .....	33
MEGARDSDALEN: MEGARDSSTØLEN (NATURBEITEMARK) .....	33
MEGARDSDALEN: BAKLIDALEN (KALKRIKE FJELLOMRÅDE) .....	34
NYSÆTERVATNET: FURESÆTRA (NATURBEITEMARK) .....	34
NYSÆTERVATNET: VEST FOR FURESÆTRA (RIKMYR) .....	35
NYSÆTERVATNET: LADSTØLEN (NATURBEITEMARK) .....	35
NYSÆTERVATNET: NYSÆTRA (NATURBEITEMARK) .....	36
NYSÆTERVATNET: REVSDALSELVA (RIKMYR) .....	36

NYSÆTERVATNET: SÆTREVATNET (VILTLOKALITET) .....	37
SUNNDALEN: EIDEMSSTØLEN (NATURBEITEMARK) .....	37
VELLEDALEN: DRAVLÆUSSTØLEN (NATURBEITEMARK) .....	38
VELLEDALEN: DROTNINGHAUG: REITEN (SLÅTTEENG) .....	38
VELLEDALEN: DROTNINGHAUG-SUNNDALEN (RIKMYR, SKOG).....	39
VELLEDALEN: FITJASTØLEN (NATURBEITEMARK) .....	40
VELLEDALEN: MYRDALSSÆTRA (NATURBEITEMARK) .....	40
VELLEDALEN: VELLE (MYR) .....	41
<b>KUNNSKAPSSTATUS .....</b>	<b>42</b>
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET .....	42
UTFORDRINGAR I LOKALFORVALTINGA .....	42
<b>KJELDER .....</b>	<b>43</b>
GENERELL LITTERATUR .....	43
LITTERATUR SOM BERØRER SYKKYLVEN .....	43
ANDRE SKRIFTLIGE KJELDER .....	51
MUNNLEGE KJELDER .....	51
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>52</b>
PLANTELISTE FOR SYKKYLVEN .....	52
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR .....	53
SOPPLISTE FOR SYKKYLVEN .....	58
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR .....	59
LAVLISTE FOR SYKKYLVEN .....	61
<b>FUGLELISTE FOR SYKKYLVEN .....</b>	<b>62</b>

# SAMANDRAG

## **Bakgrunn og føremål**

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betra kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er lekk i ei statleg satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einiskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

## **Metodikk**

Metoden går i hovudsak ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det nytta litteratur, Naturbasen m.m. hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjende folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid, i alt 12 feltdagar i perioden juni-oktober 2003. I tillegg er resultatane frå private turar i 2001 og 2002 tekne med i rapporten. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

## **Historisk utforsking av Sykkylvsnaturen**

Rapporten har ein gjennomgang av litteratur om naturen i Sykkylven frå opplysingstida på 1700-talet og fram til i dag. Dei fleste av kjeldene er frå etter 1970, m.a. alle statlege verneplanar og dei fleste forvaltningsrelevante arbeid elles.

## **Naturgrunnlag**

Dei ulike naturtypane i Sykkylven er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Sykkylven er kulturlandskap (særleg naturbeitemarkar), myr (særleg rikmyr) og skog (særleg kystfuruskog og rik edellauvskog). Sykkylven har i visse område ein berggrunn (særleg i fjellområda vest og aust for Fasteindalen) som gjev eit meir baserikt jordsmonn og innslag av kalkkrevande plantar m.m.

## **Naturtypar i Sykkylven**

**Tabell 1.** Verdifulle naturområde i Sykkylven fordelt på naturtypar og verdi.

A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig

Naturtype	Verdi		
	A	B	C
<b>Ferskvatn/ våtmark</b>			
Rik kulturlandskapssjø m.m.	1	1	
<b>Viltlokalitetar</b>			
Ferskvasslokalitet og sjøfuglkoloni	1		1
<b>Fjell</b>			
Kalkrike fjellområde	2	1	
<b>Kulturlandskap</b>			
Naturbeitemark	2	3	8
Slåtteenger	1		

<b>Myr</b>			
Høgmyr/terrengdekkande myr m.m.	1		1
Intakt låglandsmyr	1		
Høgmyr	1		
Rikmyr	4		
<b>Skog</b>			
Kystfuruskog	1		
Rik edellauvskog	2		
<b>Sum</b>	17	5	10

## Viktige lokalitetar i Sykkylven

Nedfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjevne nummer frå 1 og oppover. Lokalitetar som er med i Naturbasen (Fylkesmannen 1999) har også eit nummer i denne basen, men er ikkje tekne med her då det får greie seg med eitt nummer i denne rapporten.

**Tabell 2.** Verdifulle lokalitetar i Sykkylven. Tabellen gjev ei oversyn over avgrensa og verdisette lokalitetar sorterte alfabetisk etter namn. Namnsettinga er freista gjort slik at nærliggande lokalitetar hamnar saman. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Alle lokalitetsnummer tek til med 1528- som er kommunenummeret. I tabellen er berre siste del av nummeret teke med. Ein har her også inkludert viltlokalitet (hekkeområde for sjøfugl osv.) som ikkje inngår i metoden som denne rapporten er utarbeidd etter (DN (1999a).

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
1	Andestad: Byrkjeneslia	Rik edellauvskog	A
2	Andestad: Fauskesætra og Vassetsætra	Naturbeitemark	C
3	Aurdalen: Aurdalssætra, øvste stølen	Naturbeitemark	C
4	Aurdalen: Grepstadstølen	Naturbeitemark	B
5	Aurdalen: Heiane	Terrengdekkande myr m.m.	A
6	Aurdalen: Rømerhornsheiane	Rikmyr	A
7	Aurdalen: vestre Melsetdalen	Terrengdekkande myr m.m.	C
8	Aure: Aureelva	Andre viktige førekomstar/ferskvatn/våtmark	A
9	Fasteindalen: Blådalen	Kalkrike fjellområde	A
10	Fasteindalen: Forseggene	Kalkrike fjellområde	A
11	Fasteindalen: Årssetsætra	Naturbeitemark	B
12	Hundeidvik: Gjevenes	Naturbeitemark	A
13	Hundeidvik: Gjevenesstranda	Rik edellauvskog	A
14	Hundeidvik: Storeide	Intakt låglandsmyr	A
15	Hundeidvik: Tuvatnet	Rik kulturlandskapssjø	B
16	Hundeidvik: Våtmyrsholmen	Viltlokalitet	C
17	Ikornes: Ikornesfjellet	Kystfuruskog	A
18	Megardsdalen: Megardsstølen	Naturbeitemark	C
19	Megardsdalen: Baklidalen	Kalkrike fjellområde	B
20	Nysætervatnet: Furesætra	Naturbeitemark	C
21	Nysætervatnet: vest for Furesætra	Rikmyr	B
22	Nysætervatnet: Ladstølen	Naturbeitemark	C
23	Nysætervatnet: Nysætra	Naturbeitemark	A
24	Nysætervatnet: Revsdalselva	Rikmyr	A
25	Nysætervatnet: Sætervatnet	Viltlokalitet	A
26	Sunndalen: Eidemsstølen	Naturbeitemark	C
27	Velledalen: Dravlausstølen	Naturbeitemark	B
28	Velledalen: Drotninghaug: Reiten	Slåtteeng	A
29	Velledalen: Drotninghaug-Sunndalen	Rikmyr	A
30	Velledalen: Fitjastølen	Naturbeitemark	C
31	Velledalen: Myrdalssætra	Naturbeitemark	C
32	Velledalen: Velle	Høgmyr	A

## **Raudlisteartar**

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vere skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining og illegal samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 82 funn av raudlisteartar av plantar, sopp og lav i Sykkylven, og dei som er kjent, er med i eit eige kapittel. Raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte.

## **Forvaltning og tilrådingar**

Eit eige kapittel inneheld råd om forvaltning og skjøtsel av dei ulike viktige lokalitetane i Sykkylven. Det går særleg på å freiste å unngå fysiske inngrep, oppretthalde tradisjonell drift som beiting m.m. i verdifullt kulturlandskap, unngå treslagskifte i verdifull skog og unngå forureining osv.

Omtale av trugsmål, og råd om omsyn og forvaltning tek ikkje omsyn til kor aktuell eventuelle trugsmål er i dag. T.d. er attgroing konsekvent ført opp som trussel i naturbeitemarkslokalitetar.

Det er vidare teke med ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om mange organismegrupper i Sykkylven er svært dårleg.

## **Litteratur**

Ein eigen litteraturliste om litteratur om naturen i Møre og Romsdal finnast på nettsidene til Fylkesmannen. Eit søk på Sykkylven i denne basen gav om lag 250 treff. Her vil det truleg finnast noko som har lokal interesse, t.d. til bruk i skulen osv.

## **Vedlegg**

I vedlegga er det presentert artslistar, dels for heile kommunen, dels for einskildlokalitetar.

# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betre kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ein lekk i ei statleg satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), " Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen "Brundtlandkommisjonens" rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Noreg i 1993 og som trådte i kraft i 1994. Heile kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig innan 2004. Direktoratet for naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

## Føremål

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid. Eit delmål er å gje eit så godt oversyn som råd over dei naturverdiane og artane som finst i dei undersøkte områda. Eit generelt føremål med naturfagleg kartlegging er elles å verne om naturen, og ein får vone at rapporten vert eit viktig dokument i den langsiktige arealplanlegginga i kommunen.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet (sjå også metodekapittelet).

## Nokre omgrep

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytt soppar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innafor artane

**Edellauskog:** skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Sykkylven er det alm, svartor og hassel som er mest aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C.

**Indikatorart (signalart):** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffe på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisere ein verdifull naturtype bør ein helst ha fleire indikatorartar.

**Kontinuitet:** i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreie seg om gjentatt årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t.d. dreie seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".



**Natureng:** i snever forstand gamle slåttemarker med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarker og naturbeitemarker.

**Naturengplantar:** plantar som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunktet sitt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed ein parallell til beitemarkssoppene.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Signalart:** vert i denne rapporten nytta omtrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vakne opp og leita etter fleire teikn på ein eventuell verdifull lokalitet.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lynghei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

# METODAR OG MATERIALE

## Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rad utført av forfattaren. I hovudsak kan ein seie at arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

### Døme:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t.d. større område med strandeng
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t.d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære plantar
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike nordvendte berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Somme av dei viktigste viltområda er likevel tekne med i arbeidet.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må sette seg inn i eksisterande kunnskap, samle inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisere materialet, prioritere lokalitetane og til slutt presentere dette på kart og i rapport.

## Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkast å ha informasjon frå Sykkylven. Dette har vorte lettare å få oversyn over frå 2000, då John Bjarne Jordal saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga eit utkast til litteraturdatabase over naturen i fylket. I denne databasen er det m.a. råd å søke på kommune, og er no tilgjengeleg på Fylkesmannen si nettside. Eit søk på Sykkylven i databasen er presentert i litteraturoversynet til sist i rapporten.

## Oversyn over viktige litteraturkilder med kommentarar

**Tabell 3.** Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er nytta for å kartlegge eksisterande naturinformasjon frå Sykkylven, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

Kjelde	Kommentar - nytteverdi
Beyer & Jordal 1995	Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap (Drotninghaug)
Bugge 1993	Verneplan for edellauvskog (Gjevenesstranda)
Bundli 1952	Kart over barlind i Noreg, tre prikkar frå Sykkylven
Folkestad & Bugge 1998	Varmekjær lauvskog i Hjørundfjorden (Gjevenesstranda)
Folkestad & Loen 1998	Hekskande sjøfugl i Møre og Romsdal (Våtmyrsholmen)
Fylkesmannen 2000	Utskrift frå naturbasen for Sykkylven kommune
Gjærevoll 1990	Utbreiing til norske fjellplantar, fleire artar frå Sykkylven
Gaarder & Jordal 2001	Raudlisteartar i Møre og Romsdal, m.a. plantar og sopp
Haxthow 1998	Hovudfagsoppgåve om spreing av platanløn (feltarbeid i Sykkylven)
Hjordal 2000	Elvemusling i Aureelva
Holtan 2001a	Barlinda i Møre og Romsdal, to lokalitetar i Sykkylven
Holtan 2001b	Dvergdykkaren i Noreg (Tuvatnet)
Jordal 1993	Soppfloraen i Møre og Romsdal, fleire funn frå Sykkylven
Jordal & Gaarder 1995	Kulturlandskap i Møre og Romsdal, m.a. i Sykkylven
Jordal & Gaarder 1997	Kulturlandskap i Møre og Romsdal, m.a. i Sykkylven
Kjølen 1976	Fuglelivet i Stranda, Hellesylt og Sykkylven
Korsmo & Svalastog 1997	Verneverdig barskog i Møre og Romsdal (Ikornesfjellet)
Moen 1984	Myrundersøkingar i Møre og Romsdal, fleire lokalitetar i Sykkylven
Moen 1998	Vegetasjon: syner vegetasjonssonar m.m. m.a. i Sykkylven

## Museumssamlingar, databasar og Internett

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett, og har i grunnen få funn frå Sykkylven.

## Innsamling frå personar

Ei rad einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Sykkylven. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samle all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne nytta noko meir tid til dette.

## Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen

Feltarbeidet er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert. I samband med undersøkingane har det vore 12 feltdagar frå forfattaren si side i 2003, samstundes som ein del data frå undersøkingar i 2001 (m.a. undersøkingar om barlinda i Møre og Romsdal i samband med ein artikkel) og 2002 (m.a. arbeid i nedbørsfeltet til Velledalsvassdraget på oppdrag frå Miljøfaglig Utredning) også er inkludert i rapporten.

Eit utval lokalitetar er registrert meir detaljert. Floraen er undersøkt ved at det er laga krysslister for dei kartlagde lokalitetane. Særleg interessante funn er allereie sendt til herbariet ved Botanisk museum i Oslo, der dei skal vere fritt tilgjengeleg for alle. Vegetasjonen er kartlagt i grove trekk etter vegetasjonstypene hos Fremstad (1997).

Sopp er særleg samla i gammal grasmark i område med tradisjonelt kulturlandskap, sidan ein del slike artar kan nyttast til å verdisette slikt landskap (sjå nedafor), dels også i skog.

Interessante fugleobservasjonar er notert i samband med alt feltarbeidet.

## **Artsbestemming og dokumentasjon**

Artsbestemming av plantar er gjort ved hjelp av Elven m.fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva.

Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein nytta Noordeloos (1992, 1994). For andre artar har ein nytta Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssopp har ein nytta Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m.fl. (1996) med seinare tillegg.

Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m.fl. (1994), Moberg & Holmåsén (1986) og Tibell (1999).

Vitskaplege namn følgjer dei publikasjonane ein har nytta i arbeidet.

Alle interessante funn av plantar, sopp og lav er tekne vare på, og seinare sendt herbaria til Botanisk Museum på Tøyen, Oslo.

Namnsetting av fuglar følgjer Gjershaug m.fl. (1994).

## **Verdisetting og prioritering**

### **Generelt**

Ved verdisetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdisetje einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigare å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

### **Kriterium og kategoriar**

Ein syner her berre til verdissettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" - ikkje presenterte i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør kome i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å kome i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t.d. førekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å kome i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vere oppfylte.

### **Avvik frå DN-handboka i denne rapporten**

Rapportforfattaren er usamd med DN-handboka på nokre punkt:

- DN-handboka vil føre alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føre alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilje mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør settast ulik verdi på. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane vert sjeldnare nordover, men grensa for å føre alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner forfattaren at krava for å kome i kategori A bør vere noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriterium nytta for verdisetting av rik edellauvskog:

<b>A (svært viktig)</b>	større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m.a. almlindskog)
<b>B (viktig)</b>	mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar
<b>C (lokalt viktig)</b>	mindre skogparti med spreidde edellauvtrø og få varmekjære planteartar (t.d. dårleg utvikla gråor-almesskog)

I denne rapporten er følgjande kriterium nytta for verdisetting av naturbeitemarker:

<b>A (svært viktig)</b>	velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, og/eller førekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
<b>B (viktig)</b>	lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med førekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller omsynskrevande
<b>C (lokalt viktig)</b>	lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

## ***Viltlokalitetar***

Hekkeområde for t.d. rovfuglar, hakkespettar, lommar eller ugler er prioriterte i samband med verdisetting av lokalitetar etter handbok i viltkartlegging (DN 1996), samt handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN på Internett) og marine miljø (DN 2001).

## ***Upprioriterte og ikkje undersøkte lokalitetar***

Potensielt interessante lokalitetar som det finst informasjon om, men som ikkje er undersøkte eller prioriterte i dette prosjektet, er samla i kapitlet **tabell 6**. Prosjektet hadde trange budsjettammer, og ein kan her berre syne til behovet for vidare kartlegging.

Lokalitetar som er oppsøkte, men som ikkje er prioriterte, er også kort skildra i same tabellen. Dette er gjort fordi det trass alt dreier seg om eit mindre tal på lokalitetar, og fordi det kan ha interesse å vite at eit område er oppsøkt eller vurdert.

Årsaker til at lokalitetar er opprioriterte:

- ein har ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane på vedkomande lokalitet

## ***Bruk av raudlisteartar og signalartar***

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til ramsa opp mange artar som er funne på staden. Dette kan vere for å illustrere trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdisetje lokaliteten. Nokre artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdisettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er skildra i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar vert kort skildra her. Nedafor vert det ramsa opp ein del artar som er nytta som signalartar og vektlagt i verdisettinga.

**Edellauvskog:** t.d. breiflangre, fuglereir, lundgrønaks, ramslauk, sanikel, skogfaks, skogsvingel, svarterteknapp, vårerteknapp og vårmarihand,

**Rik fjellvegetasjon:** gulsildre, fjellfrøstjerne, fjellkvitkurle, fjellsmelle, fjelltistel, kastanjesiv, reinrose, rynkevier, raudsildre, snøbakkestjerne, sotstorr, svartstorr og trillingsiv

**Rikmyr:** breiull, brudespore, engmarihand, gulstorr, jåblom, loppestorr, sennegrass og stortviblad

**Naturbeitemark:** ei rad artar definerte som anten naturengplantar eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

# Presentasjon

## **Generelt**

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt historikk omkring utforskinga av naturen i Sykkylven og om bruken av naturen, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er skildra i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er skildra i eige kapittel. Siste kapitlet kjem med vurderingar og tilrådingar omkring framtidig forvaltning ut frå den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten det er presentert litteraturliste for Sykkylven og ulike artslistar. Dette er både artslistar for heile kommunen for plantar, sopp, lav og fugl, men i tillegg også ein del plante-, lav- og sopplister frå einskildlokalitetar. Sopplister for lokalitetar stammar frå undersøkingar av kulturlandskap, helst naturbeitemark, dels også frå skog.

## **Områdeskildringar**

Dei undersøkte lokalitetane er skildra i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a), med somme justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte alfabetisk etter namn, og ikkje etter naturtype. Namnsettinga er freista gjort slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er frå 1528-1 og oppover. Nummer i Naturbasen til Fylkesmannen er, der dei finst, ikkje nemnt under områdeskildringa.

Trugsmål nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T.d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For edellauskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigarar ikkje har planar om noko slikt.

## **Kartavgrensing**

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på økonomisk kart 1:20 000 som er overletne til kommunen, som så har digitalisert dei. Avgrensingane vert ikkje så svært nøyaktige i denne målestokken. Ein må sjå på avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta synfaring for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

# NATURGRUNNLAG OG NATURTYPAR

## Historikk omkring utforskinga av Sykkylvsnaturen

Dei truleg første skriftlege skildringane av Sykkylven-naturen er frå siste halvdel av 1700-talet av presten Hans Strøm (1762, 1766). Jord og skog var også skildra i førre hundreåret, m.a. av Schiøtz (1871) "Om Skovforholdene i Romsdals Amt" og Helland (1895) "Jordbunden i Romsdals Amt". På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet kjem dei første moderne fiskebiologane, m.a. J.O. Simonnæs (1891, 1896, 1906) sine skildringar av fleire vassdrag i Sykkylven. Dette var handskrivne skildringar av vassdraga etter ein fast mal, og dei finst i fiskearkivet hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

I 1911 kom A. Helland si monumentale "Topografisk-statistisk skildring over Romsdals Amt" med litt informasjon om Sykkylvsnaturen. Etter dette er det berre mindre vesentlege kjelder heilt fram til 1950-talet, då ein m.a. fekk kartfesta barlinda i Møre og Romsdal (Bundli 1952).

I 1969 kom Per Størmer med ei avhandling om mosar med ei særleg og vestleg utbreiing i Noreg, der det også var med ein skilde funn frå Sykkylven.

Harald Korsmo gjorde fleire registreringar av potensielt verneverdige edellauvskogar i 1974 (Korsmo 1975). Botanikaren Asbjørn Moen starta arbeidet med kartlegging av verdifulle myrområde (1975) som vart fullført ni år seinare (Moen 1984). I 1976 kom Alv Ottar Folkestad med kommunevise rapportar om område av interesse for friluftsliv og naturvern i fylket, såleis også ein rapport som omhandla Sykkylven. Dette er den første samla framstillinga av verdifull natur i kommunen. Frå slutten av 1970-talet kom fleire utgreiingar om konsekvensar av vasskraftutbyggingane for fugleliv og ferskvassfauna m.m.

Utover 1980-talet auka talet på titlar sterkt, om tema som aure og laks, ferskvassbiologi, botanikk og fugl osv. I 1993 kom Fylkesmannen i Møre og Romsdal med forslag til verneplan for edellauvskog i fylket, der Gjevenesstranda vart føreslege som reservat (verna juni 2003). Av relevans for dette prosjektet er det elles at Fylkesmannen har gjeve ut ein samlerapport om registreringar av verdifulle kulturlandskap (Jordal & Gaarder 1999) og ein om raudlistearter (Gaarder & Jordal 2001). Elles har det i løpet av 80- og 90-talet kome ei rad publikasjonar om ferskvassfisk, geologi, marinbiologi, og slike som nemner Sykkylven i forbifarten anten det er omtale av særskilte pattedyr, fuglar, plantar og mosar m.m.

## Landskap m.m.

Sykkylven er ein av kommunane i Sunnmøre fogderi, som er ein del av Møre og Romsdal fylke. Arealet (eksklusiv sjøareal) er oppgjeve til 337 km<sup>2</sup>, noko som gjer Sykkylven til ein middels stor kommune i fylket. Spennvidda i naturtypar er stor, frå djup fjord via grunner, sparsamt holmar og skjer, strandberg, strender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit svært så alpint preg. I ytre delar er landskapet prega av avrunda åsar og mindre fjell, medan indre deler dels har høge fjell og kvasse tindar.

**Tabell 4.** Nokre geografiske data for Sykkylven kommune

Eining	Verdi
Areal (eksklusiv sjøareal)	337 km <sup>2</sup>
Skogareal	98 km <sup>2</sup>
Strandline	61 km
Høgste punkt	1586 m o.h.
Gjennomsnittshøgde	500 m o.h.
Talet på ferskvatn (samla areal)	165 (totalt 9 km <sup>2</sup> )
Areal 0-150 m o.h.	56 km <sup>2</sup>
Areal 150-300 m o.h.	42 km <sup>2</sup>
Areal 300-600 m o.h.	115 km <sup>2</sup>
Areal 600-900 m o.h.	81 km <sup>2</sup>

## Klima

Klimaet i Sykkylven varierer mykje frå ytre til indre strok. Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane høge, i vestlege deler av Sykkylven kommune ligg temperaturen kring 0 °C som gjennomsnitt for januar. Gjennomsnittstemperatur for juli er rundt 13-14 °C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør rundt 1200 mm, Holten m.fl. 1986a), hyppig nedbør (>220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året) og fuktig luft.

## Geologi

Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet (Tveten m.fl. 1998). Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av plantar som er tilpassa desse karrige tilhøva. Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst no tilgjengeleg for heile fylket. Utanom grunnfjellbergartane finst yngre, glimmerhaldige bergartar (glimmergneis og glimmerskifer o.a.) i fjellområda frå Storfjorden over Forsegga i eit smalt belts vestover gjennom Andestad og ut i Storfjorden på den kanten. Mindre førekomstar av same bergartar er lokalisert kring Hundatinden og Ikornesfjellet. Kalkkrevande plantar er mindre vanlege i Sykkylven, men finst i samband med desse stripene.

## Lausmassar

Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida. Mest lausmassar finn ein mellom Fet og Brunstad, kor dekket kan vere tjukt. Strandflatene er i stor grad utnytta til jordbruksland. Lausmasseførekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vere bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene på indre delar av Sykkylvsfjorden. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg meir eller mindre tjukke lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote.

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Sykkylven høyrer her til region 37 Vestlandets lauv- og furuskogsregion, underregion 37f, Nordfjord og Sunnmøres fjordstrok.

Noreg sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke syner vi til kartet gjeve ut av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Sykkylven høyrer til i denne samanheng dels region 22 (Vestlandets midtre fjordbygder, søraustlege deler av kommunen), dels region 26 (fjordbygder i Møre og Trøndelag, nordvestlege deler av kommunen).

Biogeografi har å gjere med geografisk utbreiing av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også somme skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein gje opp **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

**Vegetasjonssoner** skildrar variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er nemnt av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssoner finst i Møre og Romsdal:

**Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)  
**Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)



**Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)  
**Nordboreal sone** (fjellskogsone)  
**Alpine soner** (låg-, mellom- og høgaltin sone)

Vegetasjonen i Sykkylven deler seg på alle sonene. Praktisk talt alle bygdene og jordbruksområda høyrer den sørboreale sona. Områda i Hjørundfjorden, og deler av liene på nordsida av Andestadvatnet høyrer til den mest varmekjære sona, boreonemoral sone. Høgareliggende skogområde høyrer til mellom- og nordboreal sone. Fjellområda høyrer til den alpine sona (Moen 1998 s. 94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** vert nytta for å beskrive variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk vert nytta om vegetasjon og artar knytte til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental vert nytta tilsvarende om vegetasjon og artar knytte til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

**O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar og plantar m.m. knytte til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på søre Sunnmøre. Sona vert delt i to underseksjonar:

**O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege plantar, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten, om lag nord til Ålesund.

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og vantar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sona er artsfattig som ei følgd av at det vantar ei rad fjellplantar m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytte til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstrok i fylket vårt.

**O1. Svakt oseanisk seksjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rad svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t.d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege plantar finst, innslag av ein del austlege plantar og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høyrer berre nokre mindre område i austlege deler av Norddal, Stranda, Rauma og Sunndal.

Vegetasjonen i Sykkylven høyrer til dels sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h), og dels oseanisk seksjon (O2) (Moen 1998, s. 126).

# RAUDLISTEARTAR

## Generelt

Med raudlisteartar forstås ein artar som er lista opp på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Denne byggjer på eit sett av underlagsmateriale og fagrapportar, m.a. Tønsberg m.fl. (1996) for lav, Bendiksen m.fl. (1998) for sopp og Myklebust (1996) for fugl. Funn av plantar, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd
E	direkte truga
V	sårbar
R	sjeldan
DC	omsynskrevande
DM	bør overvakast

For mange organismegrupper har ein ikkje oversyn over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Sykkylven. Dette gjeld t.d. dei fleste grupper av virvellause dyr, amfibium og krypdyr. Det er heller ikkje kjent raudlista mosar, lav eller kransalgar. Med større innsats i felt ville nok fleire slike funn bli gjort.

Med *ansvarsartar* forstås ein artar der Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på bestandane, fordi vi har ein vesentleg del av totalbestandane samanlikna med andre land. Dette kan vere litt ulikt definert for dei ulike organismegruppene.

**Tabell 5.** Oversyn over funn av raudlisteartar i Sykkylven av gruppene blautdyr (Mol), plantar (P), og sopp (S). Forkortingar for raudlistekategoriar er vist først i dette kapitlet.

Finnarar	Raudlistekategoriar	Grupper
DH Dag Holtan FO Finn Oldervik GGa Geir Gaarder JBJ John Bjarne Jordal KJG Karl Johan Grimstad	Ex utdøydd E direkte truga V sårbar R sjeldan DC omsynskrevande DM bør overvakast K truleg raudlistekandidat	Mol blautdyr (ferskvatn) P plantar S sopp

Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	elvemusling	V	Aureelva	2000	J. Hjortdal	LQ 75 20 – 77 20
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Aure: Hjellane	30.06.1996	Reidar Elven & Rolf Haxthow	LQ 75 21
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Aure: i utslått ved Høgreset-gårdene	20.07.1966	R. Nordhagen	LQ 77-78, 20-21
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Brunstad	1978	Nils Drabløs	LQ 780 085
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Brunstad	1996	Nils Drabløs	LQ 780 085
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Brunstad, rikvegskråning, truga av veitutviding	udat., siste år	Nils Drabløs	LQ 785 088
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Brunstadsætra, ved vegen	00.07.1998	Jon C. Brunstad	LQ 798 076
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Dravlaus, NØ-vendt beite under Geita	udat., siste 20 år	Nils Drabløs	LQ 762 101
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Dravlausstølen	00.07.1998	Nils Drabløs, Gunhild Øigarden	LQ 840 131
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Dravlausstølen	20.06.2003	DH	LQ 845 131
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Drotninghaug, ovafor Reiten	00.08.1998	Leiv Drotninghaug	LQ 827 115
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Drotninghaug, ved riksvegen	udat., siste år	Nils Drabløs	LQ 830 116
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Drotninghaug: Reiten	00.08.1998	Leiv Drotninghaug	LQ 828 114
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Fetvatnet SE f Straume	01.07.1995	Reidar Elven & Rolf Haxthow	LQ 75 11

P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Litlehornet	27.07.2003	DH & KJG	LQ 846 192
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Løset i Ramstaddalen	17.07.1966	M. & R. Nordhagen	LQ 85 21
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Løset i Ramstaddalen	24.07.2003	DH	LQ 847 213
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nysætervatnet	12.08.2000	DH & KJG	LQ 861 153
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nysætervatnet	12.08.2000	DH & KJG	LQ 867 157
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nysætervatnet	12.08.2000	DH & KJG	LQ 867 158
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nysætervatnet	12.08.2000	DH & KJG	LQ 877 155
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nysætervatnet	12.08.2000	DH & KJG	LQ 881 154
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nysætra	20.06.2003	DH	LQ 863 156
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nysætra	20.06.2003	DH	LQ 862 155
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nysætra	20.06.2003	DH	LQ 865 154
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nysætra	20.06.2003	DH	LQ 865 155
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Nysætra	20.06.2003	DH	LQ 865 157
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Ramstaddalen: Klokk	04.07.2002	DH	LQ 852 923
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Straume, ved riksvegen NØ-sida av Fitjvatnet	siste 20 år	Nils Drabløs	LQ 759 123
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Straumsgjerdet	22.06.1947	N.A. Sørensen	LQ 75 13
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Straumsgjerdet, framleis beita av storfe	00.07.2001	Jon Robert Strømme	LQ 755 135
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	16.06.2002	DH	LQ 830 118
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	16.06.2002	DH	LQ 831 118
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	16.06.2002	DH	LQ 831 119
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	15.06.2002	DH	LQ 832 118
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	15.06.2002	DH	LQ 832 119
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	16.06.2002	DH	LQ 832 120
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	16.06.2002	DH	LQ 832 121
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	16.06.2002	DH	LQ 833 118
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	16.06.2002	DH	LQ 833 119
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	15.06.2002	DH	LQ 833 120
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	15.06.2002	DH	LQ 833 121
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	15.06.2002	DH	LQ 834 120
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	15.06.2002	DH	LQ 834 121

P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	15.06.2002	DH	LQ 834 122
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Velledalen	15.06.2002	DH	LQ 835 124
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Blådalen	27.07.2003	DH & KJG	LQ 855 189
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Furesætra, sørvest for	04.07.2002	DH	LQ 869 164
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Nysætra	20.06.2003	DH	LQ 862 156
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Nysætra	20.06.2003	DH	LQ 864 154
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Nysætra	20.06.2003	DH	LQ 865 156
P	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	kvitkurle	DC	Velledalen	16.06.2002	DH	LQ 832 119
S	<i>Asterophora parasitica</i>	silkesnyltehatt	R	Byrkjeneset	18.09.2001	DH & KJG	LQ 799 231
S	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	gulbrun narrevokssopp	DC	Grepstadstølen	06.09.1995	GGa & JBJ	LQ 792 191
S	<i>Capnobotrys dingleyae</i>	fløyelsskorpe	K	Byrkjeneset	02.05.2000	DH	LQ 800 232
S	<i>Clavaria flavipes</i>	halmgul køllesopp	V	Drotninghaug: Bøteigen	15.10.1999	FO	LQ 830 116
S	<i>Clavaria zollingeri</i>	fiolett greinkøllesopp	V	Furesætra	06.09.1995	GGa & JBJ	LQ 873 168
S	<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudskivesopp	DC	Dravlausstølen	19.09.1999	FO	LQ 845 132
S	<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudskivesopp	DC	Fitjastølen	14.10.1999	FO	LQ 848 127
S	<i>Entoloma caeruleopolitum</i>	glasblå raudskivesopp	DC	Ladstølen, søndre del	14.10.1999	FO	LQ 839 132
S	<i>Geoglossum uliginosum</i>	sumpjordtunge	E	Drotninghaug: Reiten	06.09.1995	GGa & JBJ	LQ 828 115
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Drotninghaug: Reiten	06.09.1995	GGa & JBJ	LQ 828 115
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Drotninghaug: Reiten	11.09.2002	JB	LQ 828 115
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Drotninghaug: Reiten	14.09.1994	GGa & JBJ	LQ 828 115
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	DC	Årssetsætra	06.09.1995	GGa & JBJ	LQ 883 205
S	<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	DC	Drotninghaug: Reiten	16.10.1999	FO	LQ 828 115
S	<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	DC	Årssetsætra	06.09.1995	GGa & JBJ	LQ 883 205
S	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	limvokssopp	V	Aurdalssætra, øvste stølen	03.10.1999	FO	LQ 803 194
S	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	limvokssopp	V	Myrdalssætra	17.09.1999	FO	LQ 834 106

S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	V	Grepstadstølen	03.10.1999	FO	LQ 792 191
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	V	Grepstadstølen	06.09.1995	GGa & JBJ	LQ 792 191
S	<i>Hygrocybe lacmus</i>	skifervokssopp	DC	Årsetsætra	06.09.1995	GGa & JBJ	LQ 883 205
S	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	svartdogga vokssopp	DC	Dravlausstølen	19.09.1999	FO	LQ 845 132
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	DC	Klungregylet	18.09.2001	DH & KJG	LQ 670 150
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	V	Drotninghaug: Bøteigen	15.10.1999	FO	LQ 830 116
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	DC	Dravlausstølen	06.09.1995	GGa & JBJ	LQ 845 132
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	DC	Myrdalssætra	06.09.1995	GGa & JBJ	LQ 834 107
S	<i>Kavinia himantia</i>	narrepiggsopp	DC	Byrkjeneset	04.03.2003	DH	LQ 805 230
S	<i>Mycena pelliculosa</i>	beitehette	DC	Drotninghaug: Reiten	16.10.1999	FO	LQ 828 115
S	<i>Peziza succosa</i>	gulnande begersopp	DC	Klungregylet	18.09.2001	DH & KJG	LQ 670 150
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Byrkjeneset	18.09.2001	DH & KJG	LQ 799 231
S	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	grå trompetsopp	DC	Klungregylet	18.09.2001	DH & KJG	LQ 670 150

## Sopp

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av sopp er summert opp av Gaarder & Jordal (2001). Det er kjent godt over 7000 soppartar i Noreg, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1998). I vårt fylke er det kjent om lag 200 av desse raudlisteartane. **Tabell 5** syner kva artar og funn som er kjent frå Sykkylven. Dei fleste av desse er knytte til kulturlandskapet.

I Sykkylven er det kjent i alt 19 raudlista soppartar, av desse ein akutt truga art (kategori E), fem sårbare artar (kategori V), ein sjeldan (kategori R) og 12 omsynskrevande (kategori DC).

## Lav

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av lav er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001). Det er kjent 15 busk- og bladlavartar som står på raudlista. I tillegg har ein lista opp 24 skorpelavartar som er kandidatar til raudlista. Ingen av desse er kjende frå Sykkylven.

## Plantar

Funn i fylket vårt av raudlisteartar av plantar er oppsummert av Gaarder & Jordal (2001). Det er i Møre og Romsdal kjent 26 planteartar som står på raudlista. **Tabell 5** syner kva artar og funn som er kjent frå Sykkylven. I Sykkylven er det kjent berre to raudlista planteartar (begge DC). Begge er knytte til kulturlandskapet.

## Fugl

Rovfugl- og ugleopplysningar vert ikkje tekne med her.

Andre artar utanom rovfugl og ugler som hekkar eller har hekka i Sykkylven er:

vendehals	V
kvitryggspett	V
gråspett	DC
dvergspett	DC
storlom	DC

## Pattedyr

Opplysningar om pattedyr vert ikkje tekne med her, men ein kan kort slå fast at raudlisteartar som oter og piggsvin begge finst jamt i kommunen (begge kategori DM), medan gaupe kan finnast.

# LOKALITETAR

## Oversyn

Databasen over verdifulle naturområde i Sykkylven kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 30 lokalitetar. Rundt 10 av desse fanst i Naturbasen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dei andre har kome fram gjennom dette prosjektet. For fleire av dei "nye" lokalitetane fanst det også eldre data, medan ein del lokalitetar har vore heilt ukjende fram til no.

Nedafor er alle lokalitetane lista opp med nummer, delområde, namn, naturtype og naturverdi. Følgjande forkortingar er nytta: AM=Asbjørn Moen, DH=Dag Holtan, FO=Finn Oldervik, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad, PL= Perry Larsen.

## Andestad: Byrkjeneslia (skog)

**Lokalitetsnummer:** 1528-1  
**Kartblad:** 1219 IV Sykkylven  
**UTM (WGS 84):** LQ 799 232  
**Høgd over havet:** 60-400 m  
**Hovudnaturtype:** skog  
**Naturtype:** rik edellauvskog  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Moglege trugsmål:** treslagskifte, spreining av platanløn  
**Undersøkt/kjelder:** 22.05.2000, DH; 18.09.2001, DH, KJG; 04.03 og 17.06.2003, DH; (kart hjå Bundli 1952, Holtan 2001a)

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg på nordsida av Andestadvatnet mellom Andestad og Furneset. Det er ei sørvendt skogsliv med bjørk som dominerande treslag, og er avgrensa mellom Byrkjeneselva og knuseverket (Dags maskin A/S).

*Vegetasjon:* Nærast vegen er det oppslag av gråor-heggeskog og mindre parti gråor-almeskog. Det meste av arealet er likevel hasselrik bjørkeskog med mykje småbregnevegetasjon. Lågurtskog finnast spreidd og lokalt i dei best utvikla partia.

*Kulturpåverknad:* Heilt sporadisk er det planta ut noko gran. Spreining av treslaget vart registrert fleire stader. Det same gjeld for platanløna, som spreier seg friskt i dei nedre delane av lokaliteten.

*Artsfunn:* Av størst interesse er funna av barlind. Nær 30 plantar, dei fleste gamle, vart talt opp ved dei første undersøkingane 22. mai 2000. Den største er nokså nøyaktig 1 m i tverrmål, og er truleg eit av dei eldste trea i fylket (Holtan 2001b). Elles ein del varme- eller næringskrevande artar som alm, enghumleblom, grov nattfiol, hassel, kransmynte, lundgrønaks, myske, myskegras, ramslauk, sanikel, skavgras, skogsvingel, trollurt og våreterknapp. Sistnemnde står her nokså isolert frå førekomstane elles i Storfjorden.

Funn av raudlista soppar er grå trompetsopp (DC), narrepiggssopp (DC), ospekjuke (DC) og silkesnyltehatt (R). Ein annan interessant art er imperfeksoppen *Capnobotrys dingleyae*, som i Norden hittil berre er funnen på gamle barlinder på Sunnmøre (Holtan 2001a). Den er aktuell for oppføring i raudlista. Engvokssopp, skarlagensraud vokssopp og svart trompetsopp er middels gode signalartar.

Av lav kan nemnast grynfiltlav, kystvrenge, lungenever, skrubbenever, sølvnever, vanleg blåfiltlav og regnskogsarten *Thelotrema lepadinum* (rurlav).

Den sårbare (V) kvitryggspetten hekkar i området årleg. Han er avhengig av eit godt, naturleg tilfang på daud ved.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av det er ein intakt lokalitet med rik edellauvskog. Det vektleggast også at området er etter måten upåverka og har raudlisteartar innafor fleire artsgrupper.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for dei biologiske verdiane er om området får vere mest mogleg upåverka. Ein bør derfor fjerne dei få granene som er planta her, og generelt følgje med på spreining av gran og platanløn.



## Andestad: Fauskesætra og Vassetsætra (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1528-2  
**Kartblad:** 1219 IV Sykkylven  
**UTM (WGS 84):** LQ 768 236  
**Høgd over havet:** 480 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Moglege trugsmål:** opphøyr av bruken, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 08.08.2003, DH, Geir Hundvebakke

### Områdeskildring

*Generelt:* Sætrane ligg på plataået nord for Storevarden og vest for Sandvikshornet ved Sætrevatnet.  
*Vegetasjon:* Marka er stort sett kalkfattig og nokså frisk. Mestdelen er finnskjeggeng. Heile området er i attgroing, og særleg er eineren i frisk spreing.  
*Kulturpåverknad:* Nokså mange hytter, nokre sætervegar og ulike typar inngjerding.  
*Artsfunn:* Det vart funne 22 ulike karplantar, av desse berre to naturengartar. Det var vidare funne to vanlege vokssoppar: grå vokssopp (*Hygrocybe unguinosa*) og honningvokssopp (*Hygrocybe reidii*).  
*Verdisetting:* Området vert verdisett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit område som er i sterk attgroing. Verdien stig dersom ein i framtida finn raudlista beitemarkssoppar.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også framtida. Ein skal ikkje sjå bort frå at betra skjøtsel vil føre til funn av sjeldne eller raudlista artar.

## Aurdalen: Aurdalssætra, øvste stølen (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1528-3  
**Kartblad:** 1219 IV Sykkylven  
**UTM (WGS 84):** LQ 802 195  
**Høgd over havet:** 380 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Moglege trugsmål:** opphøyr av bruken, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 03.10.1999, FO; 26.06.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Aurdalssætra ligg søraust for Aurdal ovafor Aure. Det er ein mindre voll med nokre hytter.  
*Vegetasjon:* Marka er stort sett kalkfattig og nokså frisk. Heile området er i attgroing, og det vart derfor ikkje teke planteliste.  
*Kulturpåverknad:* Nokså mange hytter, nokre sætervegar og ulike typar inngjerding.  
*Artsfunn:* Finn Oldervik fann den sårbare (V) limvokssoppen (*Hygrocybe glutinipes*) her i 1999. Seinare har det synt seg at denne arten truleg er for vanleg til å stå oppført i raudlista.  
*Verdisetting:* Området vert verdisett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit område som er i sterk attgroing.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også framtida. Ein skal ikkje sjå bort frå at betra skjøtsel vil føre til funn av fleire sjeldne eller raudlista artar.

## Aurdalen: Grepstadstølen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-4
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 793 191
<b>Høgd over havet:</b>	350-380 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.09.1995, GGa, JBJ; 10.10.1999, FO; 24.06 og 14.07.2003, DH; (Jordal & Gaarder 1997, 1998, 1999)

### Områdeskildring

*Generelt:* Grepstadstølen ligg sør for Aurdal ovafor Aure. Det er ein nokså stor voll med mange hytter, men hyttene er lagt i utkanten av vollen.

*Vegetasjon:* Marka er dels kalkfattig og for det meste frisk eller nokså tørr, men det fanst meir fuktige, kalkhaldige sig. Deler av vollen er nokså attgrodd med einer, og det var nyleg rive ein del einer og kasta i haug for brenning.

*Kulturpåverknad:* Nokså mange hytter, nokre sætervegar og ulike typar inngjerding.

*Artsfunn:* Det vart funne 37 planteartar på vollen, av desse 19 naturengplantar og ein sæterart. Mellom desse plantane var aurikkelsvæve, gulsildre, gulstorr, heiblåfjør, hårsvæve, jordnøtt, kystmaure, loppestorr og særbustorr. Det vart vidare funne 12 artar av beitemarkssopp. Det er grunn til å nemne den sårbare (V) raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*) og den omsynskrevande (DC) gulbrun narrevokssopp (*Camarophylloopsis schulzeri*). Artsutvalet er godt.

*Verdisetting:* Området vert verdiset til B (viktig) på grunn av at det er ein etter måten stor og intakt sætervoll som framleis vert beita som har eit godt artsutval og somme raudlisteartar.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at beitinga held fram, og rydding av einer er positivt når han tek over slik som på delar av vollen.

## Aurdalen: Heiane (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-5
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 780 185
<b>Høgd over havet:</b>	320-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	myr
<b>Naturtype:</b>	høgmyr, terrengdekkande myr, rikmyr m.m.
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.08.1980, AM; (Moen 1984)

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg mellom Grepstadstølen og Vikedalen, og er eit stort, delvis tresett myrområde.

*Vegetasjon:* Området har både nedbørsmyr og jordvassmyr med mange undertypar, m.a. planmyr, øyblandingsmyr, flatmyr, bakkemyr, høgmyr og terrengdekkande myr.

*Kulturpåverknad:* Ei kraftline går gjennom delar av området i vest og ei heilt i utkanten mot aust. Ein del kyr gjekk på beite her under besøket i 2003.

*Artsfunn:* I samband med intermediære sig vart det funne artar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, gulstorr, jåblom, kornstorr, myggblom, myrsaulauk, myrsnelle, nykkesiv, sivblom og småsivaks. Særleg nykkesiv har her ein isolert førekomst, og står på si kjende vestgrense, men også myggblom og sivblom er sparsam så langt vest.

*Verdisetting:* Området vert verdiset til A (svært viktig) på grunn av det er eit etter måten stor, artsrikt og intakt lokalitet med både høgmyr og terrengdekkande myr som har vestlege og einskilde meir austlege artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## Aurdalen: Rømerhornsheiane (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-6
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 80-81 21-23
<b>Høgd over havet:</b>	240-500 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	myr
<b>Naturtype:</b>	rikmyr
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	ingen kjende, verna som naturreservat
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.07.1986, A.O. Folkestad, O.A. Bugge

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg

*Vegetasjon:* Området har store område med intermedier til mellomrik myr, m.a. med svært mykje breiull. Elles er her flatmyr og øyblandingsmyr, med ein glidande overgang mellom typane. Hist og her var det observert erosjon.

*Kulturpåverknad:* Eit gammalt steingjerde går tvers over myra. Her beitast framleis av sauer.

*Artsfunn:* Særleg nykkesiv har her ein isolert førekomst, og står nær si kjende vestgrense, men vel så interessant er dei store førekomstane av breiull, som til vanleg står meir spreidd og sparsamt på myrane i vårt distrikt.

*Verdisetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av det er eit etter måten stor, artsrikt og intakt lokalitet med mykje rikmyr.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## Aurdalen: vestre Melsetdalen (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-7
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven og 1219 I Stranda
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 816 195
<b>Høgd over havet:</b>	460-530 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	myr
<b>Naturtype:</b>	terrengdekkande myr, høgmyr
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	tekniske inngrep inkl. grøfting og treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.07.1986, A.O. Folkestad, O.A. Bugge; 14.07.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området er avgrensa får Melsetvatnet vestover mot Aurdalen, og gjeld myrvegetasjonen over tregrensa.

*Vegetasjon:* Området har både nedbørsmyr og jordvassmyr med mange undertypar, m.a. bakkemyr, høgmyr og terrengdekkande myr, men heivegetasjon er vanlegast arealet sett under eitt.

*Kulturpåverknad:* Ingen synlege. Nokre sauer beita i området under besøket i 2003.

*Artsfunn:* Mange vanlege artar vart funne, m.a. bjønnskjeegg, blåtopp, duskull, kornstorr, kvitlyng, rome og torvull, men også meir krevande artar som bjønnbrodd og særbustorr. Mest interessant er likevel funn av brudespore og kastanjesiv, som begge ofte går inn i rikmyrar. Vipe er hekkefugl.

*Verdisetting:* Området vert verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit etter måten stor og intakt lokalitet som har noko høgmyr og terrengdekkande myr.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## Aure: Aureelva (ferskvatn/våtmark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-8
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 753 205 - 780 211
<b>Høgd over havet:</b>	0-68 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	viktige bekkedrag
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	forureining, nedslamming av elva
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	(Hjordal 2000)

### Områdeskildring

*Generelt:* Aureelva renn frå Andestadvatnet til Aureosen i ei lengd på om lag 4 km med eit fall på 68 m. Dei øvste 400 m er elva nokså stillflytande, medan delane nedover kan vere noko striare. Om lag 500 m vest for Andestadvatnet går ei kalksteinsåre gjennom elva. Naturtype er her sett til viktige bekkedrag, som ligg nærast opp til typane i DN-handboka.

*Kulturpåverknad:* Laksetrapp ved Plassefossen (bygd i 1957). Avfallsplass på Haugset som kanskje kan ha negativ effekt i form av avrenning.

*Artsfunn:* Mest interessant og relevant i samband med kartlegging av biologisk mangfald er dei store førekomstane av den sårbare (V) elvemuslingen. I samband med takseringa utført av Sykkylven vidaregåande skole i 1999 vart det estimert ein bestand på meir enn 200 000 individ. Det vart også dokumentert at det har vore reproduksjon av muslingar etter rotenonbehandlinga i 1988. Elvemuslingen har vore fredlyst sidan 1993.

*Verdisetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av den store bestanden med elvemusling.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør halde elva fri for forureining (forsuring og eutrofiering) og tekniske inngrep. Ein bør også freiste å ta vare på kantvegetasjonen, særleg i dei stillflytande partia.

## Fasteindalen: Blådalen (fjell)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-9
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 850 190
<b>Høgd over havet:</b>	600-1000 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	fjell
<b>Naturtype:</b>	kalkrike fjellområde
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.07.2003, DH; 27.07.2003, DH, KJG

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er eit etter måten stort fjellområde på vestsida av Fasteindalen. Blådalen er avgrensa av bratthenga mot Auskjeret i sør, mot Litlehornet i vest og mot Husnakkhornet og Kråfjellet i aust, og inkluderer dei stupbratte henga ned mot Melsetdalen. Her er innslag av skifrige bergartar, og er i hovudsak svært bratt og utilgjengeleg.

*Vegetasjon:* Heile det avgrensa arealet ligg over skoggrensa, og har ulike typar fjellhei, rabbar, benkar, fuktsig og skreder med til dels rikt og variert planteliv.

*Kulturpåverknad:* Ingen synleg påverknad. Ein del sauer går på beite.

*Artsfunn:* Mange krevande og sjeldne plantar vart funne. Dette gjeld t.d. bekkesildre, bjønnbrodd, brudespore, dvergjamne, fjellbakkestjerne, fjellsmelle, fjellstorr, fjelltistel, flekkmure, grannsildre, gullmyrklekk, gulsildre, gulstorr, hårstorr, jåblom, kastanjesiv, marinøkkel, raudsildre, rynkevier, sotstorr, svartstorr, svarttopp, taggbregne, tranestorr, trillingsiv, tvillingsiv og dei omsynskrevande (DC) artane kvitkurle og solblom.

Særleg overraskande var det å finne solblom heilt oppe på 880 m o.h. Gullmyrklekk er ikkje tidlegare funnen vest for Storfjorden. Også for bekkesildre og grannsildre vart det ny vestgrense, medan både blankstorr, fjellstorr, flekkmure, kastanjesiv og sotstorr er svært sjeldne på denne sida av fjorden.

*Verdisetting:* Området vert verdiset til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og intakt fjellområde med ei rad sjeldne fjellplantar og to raudlisteartar.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida. Det beste for dei biologiske verdiane er om ein unngår inngrep. Bekkesildre, flekkmure, gullmyrklegg, grannsildre, kastanjesiv, kvitkurle, rynkevier og solblom bør ikkje plukkast.

## Fasteindalen: Forseggene (fjell)

**Lokalitetsnummer:** 1528-10  
**Kartblad:** 1219 IV Sykkylven  
**UTM (WGS 84):** LQ 879 211  
**Høgd over havet:** 600-820 m  
**Hovudnaturtype:** fjell  
**Naturtype:** kalkrike fjellområde  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Moglege trugsmål:** ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 23.07.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg på austsida av Fasteindalen ved drikkevasskjelda Årsetvatnet. Det er eit i hovudsak nord- til nordvesteksponert fjellområde på god berggrunn, m.a. med skifrige bergartar.

*Vegetasjon:* Heile det avgrensa arealet ligg over skoggrensa og har ulike typar fjellhei, rabbar, fuktig og mindre areal rikmyr. Dei blaute bergartane medverkar til at her flekkvis finnast mindre skreder og jordsig med svært rikt planteliv.

*Kulturpåverknad:* Utanom Forsegrova, som har fått ny elvestreng inn til Årsetvatnet, er her ingen synleg kulturpåverknad. Ei merkt rås går vidare austover til Skotsgardane i nordkanten av området, og her beitast litt av sauer.

*Artsfunn:* Mest interessant er etter måten store felt med reinrosehei, som er ein generelt sjeldan vegetasjonstype på Sunnmøre. Krevande eller sjeldne fjellplantar er t.d. bjønnbrodd, blankstorr, breiull, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellkvitkurle, fjellsmelle, fjellstorr, fjelltistel, flekkmure, grønkurle, gulsildre, gulstorr, hårstorr, jåblom, kastanjesiv, myrsaulauk, raudsildre, rynkevier, sennegras, snøbakkestjerne, sotstorr, svartstorr, svartopp, taggbregne, tranestorr, trillingsiv og tvillingsiv.

Fleire av desse er regionalt sjeldne og er på eller nær si vestgrense. M.a. er ikkje fjellfrøstjerne, fjellkvitkurle eller snøbakkestjerne tidlegare funne på vestsida av Storfjorden. Sennegras er ein rikmyrart som er svært uvanleg på Sunnmøre.

*Verdisetting:* Området vert verdiset til A (svært viktig) på grunn av at det er eit kalkrikt fjellområde med reinrosehei som hyser mange regionalt sjeldne artar.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida. Det beste for dei biologiske verdiane er om ein unngår inngrep. Reinrose, fjellkvitkurle, flekkmure, kastanjesiv, rynkevier og snøbakkestjerne bør ikkje plukkast.

## Fasteindalen: Årsetsætra (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1528-11  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (WGS 84):** LQ 864 205  
**Høgd over havet:** 210 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** opphøyr av bruken, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 06.09.1995, GGa, JBJ; 10.10.1999, FO; 20.06 og 23.07.2003, DH; (Jordal & Gaarder 1997, 1999)

### Områdeskildring

*Generelt:* Årsetsætra ligg noko sør for gardane i Ramstaddalen, der Årsetelva kjem ned i dalbotnen. Sætra har no berre murar der husa sto.

*Vegetasjon:* Vollen er gjødselpåverka, og er no dominert av sølvbunke og ein del kvitkløver. I kantområda er tilhøva magrare, med ein del naturengplantar. Nokre beitebakkar ovafor vegen nokre hundre meter sør for Årssetsætra (ved elva Forsegrova) veks att med einer, bjørk, or og planta gran.

*Kulturpåverknad:* Beiting av storfe og sauer.

*Artsfunn:* Det vart funne 41 planteartar i området, av desse 16 naturengplantar og to sæterplantar.

Mellom desse var aurikkelsvæve og fjellaugnetrøst, i fukteng og sig fanst gulsildre, jåblom og kornstorr. Kystpreget vert understreka av artar som heistorr, heisiv og revebjølle.

Det vart vidare funne 10 artar av beitemarkssopp for heile området, av dette sju artar rundt sjølve sætra. Av desse kan nemnast dei omsynskrevande (DC) artane gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*), skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*) og musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*).

*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av funna av raudlisteartane.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også framtida. Dette er særleg viktig no som her er tendensar til sterkare attgroing enn under besøka på 1990-talet.

## Hundeidvik: Gjevenes (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-12
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 658 165
<b>Høgd over havet:</b>	0-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	18.09.2001, DH, KJG; 24.06.2003, DH, PL

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg rett sør for og på oppsida av garden på Gjevenes. Det er et etter måten stort og til dels lite tilgjengeleg beiteområde som dei seinare åra har vorte beita av geiter.

*Vegetasjon:* Området er tydeleg lite påverka av gjødsling, m.a. med lite sølvbunke og kvitkløver. I beitebakkane er det innslag av alm, bjørk, einer, hassel og gråor, slik at lokaliteten får eit landskapsestetisk vakkert hagemarkspreg i den delen som ligg nærast garden.

*Kulturpåverknad:* Ei kraftline går gjennom landskapet. Elles er her ei gammal, godt opparbeidd rås som går vidare sørover mot edellauvskogen og vidare til Strandabøen i Ørsta. Ingen av desse inngrepa betyr noko for det biologiske mangfaldet.

*Artsfunn:* Det vart funne i alt 111 plantar, av desse 25 naturengplantar. Dette er svært høge tal. Mest interessant i tillegg til dei store tala var engstorr og vill-lin.

Fungaen (soppfloraen) er heilt sporadisk undersøkt, med funn av den omsynskrevande (DC) raudskivevokssoppen (*Hygrocybe quieta*), bleik engvokssopp (*Hygrocybe pratensis* var. *pallida*), engvokssopp (*Hygrocybe pratensis*) og skarlagensraud vokssopp (*Hygrocybe punicea*) i 1999. Ut frå artsmangfaldet og beitetrykket synest dette å vere ein lokalitet kor ein kan vente funn av mange andre sjeldne og raudlista soppar ved nærare undersøkingar.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort, artsrikt og intakt område med godt beitetrykk.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også framtida, og må ikkje gjødslast eller jordbearbeidast.

## Hundeidvik: Gjevenesstranda (rik edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-13
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 670 150
<b>Høgd over havet:</b>	0-834 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	ingen kjende, verna som naturreservat
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	18.09.2001, DH, KJG; 24.06.2003, DH, PL; (Folkestad & Bugge 1988, Fylkesmannen 1996)

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg sør for Gjevenesgardane, og er ei stor, vestvendt lauvskogsli som er svært bratt og rasfarleg.

*Vegetasjon:* Rik edellauvskog med innslag av alm, bjørk, hassel, hengjebjørk og osp o.a. Dei best utvikla delane har mykje rik lågurtvegetasjon. Elles ulike utformingar av rasmark, berg og kantkratt.

*Kulturpåverknad:* Utanom den gamle råsa som går sørover mot Strandabøen går ei kraftline gjennom heile området i nedkant. Dette har ingen negativ verknad på det biologiske mangfaldet. Delen nærast Gjevenes er sterkt beitepåverka.

*Artsfunn:* Artsutvalet for plantar er godt, og under besøket i 2003 vart det notert m.a. bergasal (norsk ansvarsart), bergfrue, bergrøyrkvein, fingerstorr, fuglereir, grov nattfiol, gulsildre, jordnøtt, knerot, kusymre, kystgrisøyre, liljekonvall, lodnerubloom, lundgrønaks, myske, raudkjeks (søraustleg art, her med ein svært isolert førekomst), sanikel, skogfaks, svarterteknapp, vill-lin og vårmarihand.

Mellom soppfunna kan nemnast stripebrødkorg og dei omsynskrevande (DC) artane gulnande begersopp og grå trompetsopp, men fungaen er svært dårleg undersøkt. Ut frå skogstruktur og jordsmonn kan ein truleg vente ei rad nye raudlistefunn ved nærare undersøkingar.

I dei eldste delane av skogen er det godt utvikla lavsamfunn, m.a. med fleire av dei viktige artane i lungeneversamfunnet som kystnever, lungenever, puteglye, skrubbenever og sølvnever.

Den sårbare (V) kvitryggspetten hekkar i området, medan dei omsynskrevande (DC) artane dvergspett og gråspett begge er observert.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein stor og intakt lokalitet med fleire sjeldne artar og eit stort mangfald generelt.

### Skjøtsel og omsyn

Det beste for dei biologiske verdiane er om området får ligge i fred.

## Hundeidvik: Storeide (myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-14
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 692 193
<b>Høgd over havet:</b>	130-150 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	myr
<b>Naturtype:</b>	intakt låglandsmyr
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	ingen kjende, verna som naturreservat
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.08.1980, AM; 26.06.2003, DH; (Moen 1984)

### Områdeskildring

*Generelt:* Eit stort, samanhengande myrområde på nordsida av Storeide .

*Vegetasjon:* Planmyr er dominerande mellom dei ulike myrtypane, men også høgmyr, flatmyr, øyblandingsmyr og bakkemyr finnast. Slukhol og drag er vanlege.

*Kulturpåverknad:* Ein del grøfting på sørsida av Storeide , og ein liten bilveg i nordkant av myra. Ein kan sporadisk også sjå restar etter torvstikking.

*Artsfunn:* Mest interessant er funn av strengstorr, som er ein austleg art som er svært sjeldan på Sunnmøre. Elles vart det m.a. notert noko krevande artar som breiull, dvergjamne, engstorr, jåblom og loppestorr i tillegg til ein del vanlegare artar.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit nokså stort område med intakt låglandsmyr.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle.

## Hundeidvik: Tuvatnet (ferskvatn)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-15
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 687 207
<b>Høgd over havet:</b>	41 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	rik kulturlandskapssjø
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	forstyrning av fuglar i hekketida, opparbeiding av sti rundt vatnet
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.06.2003, DH; (Holtan 2001b)

### Områdeskildring

*Generelt:* Vatnet ligg aust for Hundeidvik mellom gardane Tu, Langhol og Svartebekk. Vatnet kan førast til naturtypen "rik kulturlandskapssjø", men kalsiuminnhaldet er ikkje målt.

*Vegetasjon:* Mesotrof til svakt eutrof vegetasjon med store storrenger og flytebladvegetasjon, m.a. flaskestorr, trådstor, vanleg tjønnaks og kvit nykkerose. Spreidd mindre parti med sumpskog, m.a. gråorsump. Vest for vatnet små areal med intakt låglandsmyr.

*Kulturpåverknad:* Vatnet er noko gjødselpåverka grunna avrenning frå dei kringliggande gardane. I austenden er det nyleg opparbeida sitteplassar og båt plass osv.

*Artsfunn:* Mest interessant er funn av dvergdykkar, som vart påvist hekkande for første gang i 2003. Arten har vore observert i vatnet i hekketida dei siste 10-15 åra, men det har ikkje vore gjort forsøk på å finne ut om han hekka her før i 2003. Han er heilt klart den sjeldnaste av dei norske lappedykkarane, med 23-37 hekkande par i 2001, av desse 14 i Møre og Romsdal (Holtan 2001b). Av andre hekkefuglar kan nemnast stokkand, enkeltbekkasin, vipe og sivsporv, medan ei rad andre vassfuglar er observert i hekketida, m.a. krikand og toppand. Vadefuglane hekkar på myra vest for vatnet. Vatnet er også eit viktig fiskeområde for gråhegre.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn at det er ein intakt innsjø i kulturlandskapet, kor også hekkande dvergdykkar må vektleggast (men ikkje etter DN-handboka).

### Skjøtsel og omsyn

Fuglane bør ikkje forstyrast i hekketida. Her må ein vere merksam på at dvergdykkaren kan ha 2-3 kull, og kan legge egg frå ultimo april til medio august. Ein bør prøve å ta vare på vegetasjonen også rundt vatnet, dvs. myrane på vestsida og ei buffersone elles. Ein bør ikkje legge til rette for ferdsle over myrane eller bruk av båt i hekketida.

## Hundeidvik: Våtmyrsholmen (viltlokalitet)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-16
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 699 213
<b>Høgd over havet:</b>	0-3 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	andre viktige førekomstar
<b>Naturtype:</b>	viltlokalitet
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	forstyrning av fuglar i hekketida
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	(Folkestad & Loen 1998)

### Områdeskildring

*Generelt:* Holmen ligg aust for Hundeidvik rett utafør Tusvika.

*Vegetasjon:* Ikkje notert.

*Kulturpåverknad:* Det er ikkje registrert noko form for inngrep.

*Artsfunn:* Holmen hadde ved den seinaste takseringa i 1994-95 om lag 100 par hekkande sjøfugl. Det var om lag 30 par fiskemåse og 30-40 par av kvar av raudnebbterne og makrellterne. I tillegg hekkar tjeld og siland, medan svartbak har hekka tidlegare.



*Verdisetting:* Området vert verdisett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein mindre holme med ein del hekkande sjøfugl. Ver merksam på at viltlokalitet ikkje er med i DN-handboka.

### Skjøtsel og omsyn

Fuglane bør ikkje forstyrrest i hekketida, dvs. i bolken 15. april til 15. august.

## Ikornes: Ikornesfjellet (kystfuruskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-17
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 712 202
<b>Høgd over havet:</b>	180-292 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	skog
<b>Naturtype:</b>	kystfuruskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	skogbruksaktivitetar
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.06.2003, DH; (kart hjå Bundli 1952, Holtan 2001a, Korsmo & Svalastog 1997, Lindmo m.fl. 1991)

### Områdeskildring

*Generelt:* Stort område med furuskog som ligg mellom Ikornes og Tu. Til dels svært gammal skog, med største målte furutre 440 cm i kringmål. Her er m.a. skifrige bergartar.

*Vegetasjon:* Dei mest intakte delane av furuskogen er prega av sein optimalfase og aldersfase med blåbær og røsslyng som vanlegaste vegetasjonstypar. I sørhellinga vart det også funne mindre areal med småbregneskog og rikare parti i samband med dei mange fuktsiga.

*Kulturpåverknad:* Somme granplantasjar står i teigen.

*Artsfunn:* Mest interessant er alle barlindene som vart funne att i 2001. I alt vart det talt 24 plantar, alle middelaldrande eller gamle og med beiteskadar etter hjort. Sørhellinga er elles ganske rik med til dels rikelege førekomstar av enghumleblom, hassel, jordnøtt, junkerbregne, myske, ramslauk, sanikel, skogsvinerot, tannrot og trollbær.

Lungeneversamfunnet er godt utvikla, og fleire av dei viktige artane, t.d. kystnever, lungenever, puteglye og skrubbenever er ganske vanlege.

Området er viktig også for storfugl, som vart sett seinast ved besøket i 2003, og den sårbare (V) kvitryggspetten.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med gammal furuskog og viktige biologiske førekomstar som barlind m.m.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ein føremon for det biologiske mangfaldet om teigen får stå mest mogleg urørt. Grana bør fjernast.

## Megardsdalen: Megardsstølen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-18
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 699 149
<b>Høgd over havet:</b>	500 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Stølen ligg ved Litlevatnet øvst i Megardsdalen og er omkransa av høge fjell.

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng med eit smalt artsutval. Beitetrykket er svært bra, og ein del sauer gjekk på beite her under besøket i 2003.

*Kulturpåverknad:* Ein del bygningar og gjerder.

*Artsfunn:* Det vart funne berre 19 karplantar, av desse fire naturengplantar. Dette er låge tal. Heisiv og kystmaure understrekar kystpreget, og særleg er kystmaure talrik.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit mindre område som framleis beitast av sauer. Dersom det ved eit seinare høve vert funne raudlista beitemarkssoppar vil verdien auke.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også framtida.

## Megardsdalen: Baklidalen (kalkrike fjellområde)

**Lokalitetsnummer:** 1528-19  
**Kartblad:** 1219 IV Sykkylven  
**UTM (WGS 84):** LQ 69 13-14  
**Høgd over havet:** 700-1000 m  
**Hovudnaturtype:** fjell  
**Naturtype:** kalkrike fjellområde  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** 05.08.2003, DH

#### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg øvst i Megardsdalen og er avgrensa mellom Hundatinden i nord og Tverrfjella i sør. Det er til dels svært bratt, og har førekomst av skifrige bergartar i nord.

*Vegetasjon:* Ulike typar hei og rabbevegetasjon, seine snøleie og mykje rasmark.

*Kulturpåverknad:* Ingen synleg, men ein del sauer går på beite i området.

*Artsfunn:* Mest interessant og overraskande var funn av den sjeldne (R) norddalsmarikåpa. Dette er ein endem (som veks i eit avgrensa geografisk område) art som tidlegare berre er funnen i Norddal kommune. Andre interessante artar var blankstorr, gulsildre, fjellrapp, issoleie, kastanjesiv, svarttopp og tranestorr. Det vart ny yttergrense/vestgrense for blankstorr, fjellrapp, issoleie og kastanjesiv. Det vart ikkje teke full planteliste, då ein ikkje var merksam på verdiane her før etter at prof. Reidar Elven hadde bestemt marikåpa.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til B (viktig) på grunn av funna av norddalsmarikåpa.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle, men norddalsmarikåpa bør ikkje plukkast.

## Nysætervatnet: Furesætra (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1528-20  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (WGS 84):** LQ 874 167  
**Høgd over havet:** 310 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Moglege trugsmål:** opphøyr av bruken, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 06.09.1995, GGa, JBJ; 20.06 og 23.07.2003, DH; (Jordal & Gaarder 1997, 1998, 1999)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Sætrane ligg ved vegen gjennom Fasteindalen, litt nord for Nysætervatnet. Vollen er flat, kalkfattig og har både fuktige og tørre parti.

*Vegetasjon:* Store parti med sølvbunkeeng, også eineren spreier seg no friskt.

*Kulturpåverknad:* Ein del bygningar.

*Artsfunn:* Det vart funne sju naturengplantar, alle vanlege artar. Det vart vidare funne berre to artar av beitemarkssopp, men den eine av desse var den sårbare (V) arten fiolett greinkøllesopp, som er nokså sjeldan i Noreg. Fiolett greinkøllesopp har i fleire tilfelle stått att på sætervollar i attgroing, der det elles er funne få soppartar.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til C (lokalt viktig) på grunn av at attgroinga no er komen svært langt.

#### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også i framtida.

## Nysetervatnet: vest for Furesætra (rikmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1528-21  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (WGS 84):** LQ 871 163  
**Høgd over havet:** 320-380 m  
**Hovudnaturtype:** myr  
**Naturtype:** rikmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Moglege trugsmål:** alle typar fysiske inngrep inkl. auka hyttebygging  
**Undersøkt/kjelder:** 04.07.2002 og 20.06.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg vest og nord for vegkrysset lengst øst ved Nysætervatnet, vest for Furesætra, og er i hovudsak rik til intermediær bakkemyr.

*Vegetasjon:* Bakkemyr er vanlegaste type og dominerar heilt, med mykje intermediær til rik vegetasjon. Myra er klart høgproduktiv.

*Kulturpåverknad:* Det vart ikkje registrert tekniske inngrep (utanom vegen i sør og øst) eller granplantasjar (men einskildtre vart observert). Nokre hytter står vest for den avgrensa teigen.

*Artsfunn:* Mest interessant var funn av den omsynskrevande (DC) raudlistearten kvitkurle (LQ 870 162 og 869 164). Elles rikmyrartar som bjønnbrodd, breiull, brudespore, dvergjamne, fjelltistel, gulstorr, jåblom, svarttopp, sveltull og særbustorr. Myrkråkefot er også interessant, og finst spreidd og sparsamt i distriktet.

*Verdisetting:* Området vert verdiset til B (viktig) på grunn av funn av raudlistearten kvitkurle.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør ikkje tillate fysiske inngrep i området. Elles bør lokaliteten få ligge mest mogleg urørt.

## Nysætervatnet: Ladstølen (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1528-22  
**Kartblad:** 1219 I Stranda  
**UTM (WGS 84):** LQ 839 133  
**Høgd over havet:** 360-380 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Moglege trugsmål:** opphøyr av bruken, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 14.10.1999, FO; 20.06.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Stølane ligg på vestsida av Sætervatnet øvst i Velledalen.

*Vegetasjon:* Både frisk og nokså tørr fattigeng, som i det store og heile er noko gjødselpåverka. Einer held på å kome opp mange stader, sjølv om beitetrykket i dei delane sauer og kyr kjem til er dugande.

*Kulturpåverknad:* Mange hytter, andre bygningar og grusvegar.

*Artsfunn:* Det vart funne 44 ulike karplantar, av desse berre seks naturengplantar. Av sopp er funne 15 artar beitemarkssopp og ein del andre vanlege grasmarkssoppar, mellom desse åtte vokssoppar (*Hygrocybe*).

*Verdisetting:* Området vert verdiset til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit nokså påverka område med somme biologiske kvalitetar.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også framtida.

## Nysætervatnet: Nysætra (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-23
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 865 155
<b>Høgd over havet:</b>	340-380 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken, gjødsling eller jordbearbeiding
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.06 og 03.10.2003, DH; (Jordal & Gaarder 1997)

### Områdeskildring

*Generelt:* Stor beitemark på nedsida (sørsida) av vegen nordaust i Nysætervatnet. Det er no i bruk som beite for hingstar og sauer.

*Vegetasjon:* Store område med finnskjegg- og gulakseng, men også ein del friskare parti med fuktsig og storrartar.

*Kulturpåverknad:* Båthus og steingjerder, medan det somme stader er spor etter jordarbeiding.

*Artsfunn:* Det vart funne i alt 100 karplantar, av desse 20 naturengplantar eller seterplantar. Dette er svært høge tal. Av engplantane kan nemnast aurikkelsvæve, jonsokkoll, jordnøtt, kornstorr, nattfiol og tiriltunge m.fl. Mest interessant var funn av dei omsynskrevande (DC) artane kvitkurle og solblom, som begge står spreidd i dei nedste delane mot vatnet. Det vart talt om lag 150 rosettar av solblom.

Det vart leita etter beitemarkssopp, men sesongen var nok på hell i byrjinga av oktober 2003. Fem vanlege vokssoppar vart funne under besøket, og seinare undersøkingar vil truleg auke dette talet.

*Verdisetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og intakt område som framleis er i bruk, og som er artsrikt og har fleire raudlisteartar.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også framtida. Teigen bør ikkje gjødslast eller jordbearbeidast.

## Nysætervatnet: Revsdalselva (rikmyr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-24
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 852 148
<b>Høgd over havet:</b>	380-430 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	myr
<b>Naturtype:</b>	rikmyr
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	alle typar fysiske inngrep inkl. auka hyttebygging
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.07.2002, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på nordsida av den kommunale vegen langs Nysætervatnet om lag mellom Revsdalselva og Tuvdalselva.

*Vegetasjon:* Bakkemyr er vanlegaste type og dominerar heilt, med mykje intermediær til rik vegetasjon. Her er både lausbotn, fastmatte og tuer. Myra er klart høgproduktiv.

*Kulturpåverknad:* Nokre hytter ligg langs nordsida av vegen. Kraftlina går gjennom delar av lokaliteten i nord. Ein del gran vart observert.

*Artsfunn:* Mest interessant er funn av engmarihand (73 plantar i 7 delpopulasjoner), som er uvanleg på Sunnmøre. Ellers rikmyrartar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, fjelltistel, gulstorr, jåblom, sveltull, svarttopp, sveltull og særbustorr.

*Verdisetting:* Området vert verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein stor og godt utvikla rikmyr med mange av dei artane som kan forventes å finnes i naturtypen på Sunnmøre.

### Skjøtsel og omsyn

Det bør ikkje leggast til rette for fleire hyttetomter i området. Grana bør skjøttast ut, helst om vinteren. Ellers bør lokaliteten få ligge mest mogleg urørt.

## Nysætervatnet: Sætervatnet (viltlokalitet)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-25
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 842 130
<b>Høgd over havet:</b>	350 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	ferskvatn/våtmark
<b>Naturtype:</b>	viltlokalitet
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	forstyrning av fuglane i hekketida, utbygging av myrane rundt vatnet
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.06 og 23.07.2003, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Vatnet ligg øvst i Velledalen omkransa av Dravlausstølen og Fitjastølen på austsida og Øygardsstølen og Ladstølen på vestsida.

*Vegetasjon:* Store storrenger og flytebladvegetasjon er karakteristisk for vatnet, m.a. med flaskestorr, kvit nykkerose og tjønnaks. Spreidd også mindre flekkar med rikmyr rundt vatnet, m.a. med breiull.

*Kulturpåverknad:* Vatnet er demma opp, og mange hytter er bygd nokså nær, særleg på vestsida.

*Artsfunn:* Mest interessant er at vatnet er fast hekkeplass for den omsynskrevande (DC) storlomen, sjølv om han ikkje hekkar eller gjer hekkeforsøk kvart år. Storlom har gått sterkt attende på Sunnmøre dei siste 15-20 åra, med ein bestand som no er nede i 3-4 par (eigne undersøkingar). Andre hekkfuglar er stokkand, enkeltbekkasin, raudstilk, storspove, vipe, fiskemåse (>20 par i 2003) og sivsporv.

*Verdisetting:* Området vert verdiset til A (svært viktig) på grunn av at det m.a. er hekkeplass for storlom. Ver merksam på at viltlokalitet ikkje er med i DN-handboka.

### Skjøtsel og omsyn

Fuglane bør ikkje forstyrrast i hekketida. Særleg vil storlomen vere utsett for mislukka hekking dersom ein nyttar båt i vatnet i bolken etter isløysing fram til ungane hans er flygedyktige midt i august eller seinare. Ein bør vere merksam på at drukning i garn er ein viktig negativ faktor for arten. Av omsyn til dei hekkande vadefuglane må ein prøve å ta vare på myrene rundt vatnet.

## Sunndalen: Eidemsstølen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-26
<b>Kartblad:</b>	1219 IV Sykkylven
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 804 177
<b>Høgd over havet:</b>	310 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.09.1995, GGa, JBJ; (Jordal & Gaarder 1997, 1999)

### Områdeskildring

*Generelt:* Sætrane ligg i Sunndalen ved Aure, mellom sætervegen og elva.

*Vegetasjon:* I beitebakkane står noko einer. Marka verka kalkfattig ut frå vegetasjonen, og det var både halvtørre og litt fuktigare parti.

*Kulturpåverknad:* Det er fleire hytter i området.

*Artsfunn:* Det vart funne 37 planteartar, av desse 14 naturengplantar og tre sæterplantar. Mellom desse var aurikkelsvæve, kornstorr, kystmaure og trefingerurt. Det vart vidare funne seks meir eller mindre vanlege artar av beitemarkssopp.

*Verdisetting:* Området vert verdiset til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein liten og artsfattig støl utan store biologiske verdiar.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også framtida.

## Velledalen: Dravlausstølen (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-27
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 845 132
<b>Høgd over havet:</b>	360 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.09.1995, GGa, JBJ; 19.09.1999, FO; 20.06.2003, DH; (Jordal & Gaarder 1997, 1999)

*Generelt:* Sætrane ligg på ei lita høgd aust for Sætrevatnet.

*Vegetasjon:* Vollen verka noko gjødselpåverka, med magrare parti i kantområda. Marka var kalkfattig og dels frisk, dels fuktig, og det var innslag av kystplantar i vegetasjonen. Det går sauer i området.

*Kulturpåverknad:* Det finst mange hytter som dels er gjerda inn.

*Artsfunn:* Det vart funne 10 naturengplantar, mellom desse heiblåfjør, hårsvæve og kystmaure. Mest interessant er at det framleis står ein del rosetter av den omsynskrevande (DC) solblomen i vestre delen av området (LQ 845 132).

Det vart vidare funne 11 artar av beitemarkssopp, mellom dei den omsynskrevande (DC) mørkskjela vokssopp (*Hygrocybe turunda*), som er vanlegast i sæterområda i høgare strog og den omsynskrevande (DC) glasblå raudskivesopp (*Entoloma caeruleopolitum*). Det vart også funne nokre vanlege grasmarkssoppar.

*Verdisetting:* Området vert verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein etter måten godt beita støl med somme raudlisteartar i lågare kategori.

### Skjøtsel og omsyn

Området bør beitast også framtida. Eieren er i spreing, og det vart også registrert spreing av gran og sitkagran, sistnemnde i nærleiken av solblomen. Desse bør fjernast.

## Velledalen: Drotninghaug: Reiten (slåtteeing)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-28
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 828 115
<b>Høgd over havet:</b>	220 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	opphøyr av bruken, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.09.1994 og 06.09.1995, GGa, JBJ; 16.10.1999, FO; (Beyer & Jordal 1995, Jordal & Gaarder 1995, 1998, 1999)

*Generelt:* Området ligg på nordsida av vegen og er det øvste bruket i Velledalen.

*Vegetasjon:* Lokaliteten er prega av eit tjukt og dels mjukt moseteppa som er sjeldan å finne i dag, og som truleg kan tilskrivast driftsforma, med slått utan beiting og tunge maskiner. I dette tjukke moseteppet er det ganske glissen vegetasjon med eit magert preg. Ugjødsla slåttemark har vorte eit svært sjeldan kulturlandskapselement som ein bør prioritere høgt å ta vare på.

*Kulturpåverknad:* Reiten vart rydda og bygd på 1860-talet med fast busetnad fram til 1936. Siste brukaren var bestefaren til noverande eigar, og hadde fire fem kyr, sauer og hest på berre ni dekar. For å få dette til, henta dei mykje fôr ved slått og lauving i utmarka. Etter fråflyttinga er bruket slått kontinuerleg og litt gjødsla, dei siste 20-30 åra av noverande eigar som ikkje har gjødsla. Slåtten føregår med motorslāmaskin, ovafor husa med langorv fram til 1994, dei seinare åra med motorljà. Tunet er spesielt med samanbygd hus og fjøs av dels svært gammalt opphav, og er registrert av kulturvernestyresmaktene.

*Artsfunn:* Det er funne i alt 43 planteartar, av desse 13 naturengplantar, vidare 17 beitemarkssopp og ein del andre grasmarkssoppar. Av plantar kan nemnast heiblåfjør og hårsvæve, men av særleg interesse er førekomsten av solblom, som er ganske talrik. Det er vidare grunn til å nemne somme

trekk som klart har med slåtten å gjere, som god førekomst av blåknapp som tåler slått fordi han har ein låg bladrosett, og ei låg dekning i feltsjiktet.

Det mest spesielle, som gjev denne lokaliteten høg biologisk verdi, var funnet i 1995 av den akutt truga (E) sumpjordtunge (*Geoglossum uliginosum*). Dette er ein art som berre har fire kjende lokalitetar i Noreg, ein til to attverande intakte lokalitetar i Sverige av totalt ni kjende, elles er arten berre kjent frå Storbritannia. Det er også funne 12 artar vokssoppar, mellom desse dei omsynskrevande (DC) gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*) og musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*) utanom fem raudskivesoppar (*Entoloma*). I tillegg fann vart den omsynskrevande (DC) beitehetta (*Mycena pelliculosa*) funne i 1999.

*Verdisetting:* Området vert verdisett til A (svært viktig) på grunn av god tilstand og funn av ei rad sjeldne raudlistearter, kor særleg sumpjordtunga må trekkast fram.

### Skjøtsel og omsyn

Lite gjødselpåverka slåttemark som ikkje vert beita og utsett for jordpakking er i dag ein svært sjeldan kulturmarkstype. Blomsterenga på Reiten er noko folk som fer etter vegen legg merke til, og stoppar for å sjå på. I tillegg har ein her eit ideelt område for forskning på vegetasjon i denne typen eng. Skjøtselen bør derfor halda fram som før. Bruk av motorljà er ikkje heldig for blomsterplantar, sidan det slit i rota, og favoriserer gras og einskilde andre artar med sterkare røter. Skarp reiskap er best for å bevare artsmangfaldet. Slåtteenger som ikkje vert beita er ofte mindre rike på karplantar enn dei som vert beita litt i tillegg. Eventuell beiting i tillegg kan gjera lokaliteten meir artsrik fordi det lagar sår i moseteppet slik at plantar lettare kan spire, og det vil truleg ikkje ha negative effektar på soppfloraen. Det vil likevel fjerne høvet til å studere ugjødsla slåtteeng som ikkje er beita. Det burde ut frå dette vere sjølvstøtt at brukaren får årleg tilskott til slåtten.

## Velledalen: Drotninghaug-Sunndalen (rikmyr, skog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1528-29
<b>Kartblad:</b>	1219 I Stranda
<b>UTM (WGS 84):</b>	LQ 828-837, 117-127
<b>Høgd over havet:</b>	280-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Myr, skog
<b>Naturtype:</b>	Rikmyr, andre viktige førekomstar
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Moglege trugsmål:</b>	Opphøyr av beiting, attgroing, fysiske inngrep som grøfting og treslagsskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15. og 16.06.2002, DH

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg øvst i Velledalen og grensar til riksveg 60 og vegen inn til Fjellsæter i sør. Avgrensinga i aust er sett langs den innarste bekken i Sunndalen, i vest langs eit gammalt steingjerde kor dette skjærer mot nordvest, elles langs vegen i sør og om lag langs 400 m-koten i nord.

